



Notat

Til: Laila Melkevoll

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/560-54

Dato
02.05.2014

Innspel til erklæring frå Ungdommens fylkesutval

Me ynskjer at kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre/bystyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø. Dette er viktig for å få ungdommens stemme høyrd i lokalsamfunnet og i samfunnet elles. For å klare dette må me få medverkningsorgan for ungdom til å lovfestas.

Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom.

Det bør leggjast til rette for at det blir enklare å velje miljøvennleg transport for ungdom. Ungdom bør og være ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk.

Med helsing

Agnes Hoshovd Bernes
Leiar
Ungdommens fylkesutval